

NY STRAFFELOV

Innhald

I.	Innleiing	3
II.	Oversikt over lovhistorikken og dei sentrale førearbeida	3
III.	Bruksområdet for straffelova i tid	5
1.	Innleiing	5
2.	Uttrykket «straffelovgivning»	5
3.	Tilbakeverknad må vere til gunst	6
4.	Lovendringa må kome av eit endra syn på kva ein bør straffe, eller på bruken av strafferettslege reaksjonar.....	7
5.	På kva stadium av straffesaka kan ny lovgiving få tilbakeverkande kraft?	7
6.	Brotsverk som held fram	8
IV.	Vilkåra for straffansvar	8
1.	Generelt om rettsstilstanden etter straffelova 2005	8
2.	Justeringar av straffleggingsgrensa	8
3.	Medverknad.....	9
4.	Overskriding av naudrett, naudverje og lovleg sjølvtekt som straffritaksgrunn	10
5.	Subjektiv skuld.....	11
5.1	Forsett er hovudregelen også i spesiallovgivinga	11
5.2	Mistak om verdien av ein gjenstand eller ein skade som er valda.....	11
5.3	Skuldkravet for uforsettlege følgjer	12
5.4	Krav om vinningsføremål er gjennomgåande erstatta av krav om vinningsforsett	12
5.5	Skuldkravet for føretaksstraff går ut	13

5.6	Rettsmistak.....	13
V.	Reaksjonssystemet	15
1.	Straff og strafferettslege reaksjonar	15
2.	Lovfesting av skjerpande og formildande omstende.....	15
3.	Konkurrens, gjentakning og organisert kriminell verksemd.....	16
4.	Straffa for forsøk	16
5.	Justering av strafferammene. Seksårssaker	16
VI.	Oppbygging av straffeboda	17
1.	Ei gjennomgåande inndeling i lite, alminneleg og grovt lovbrøt.....	17
2.	Skiljet mellom brotsverk og misferd blir ikkje ført vidare.....	18
VII	. Konkurrensspørsmål.....	18
VIII.	Endringar i straffeprosesslovgivinga	19
1.	Ny regel om påtalen – straffeprosesslova § 62 a.....	19
1.1	Generelt.....	19
1.2	Etterforsknings- og påtaleplikta	21
1.3	Forholdet til enkelte andre avgjerdsgrunnlag	21
1.4	Retningslinjer for vurderinga etter straffeprosesslova § 62 a andre ledd	23
2.	Tiltalekompetansen	24
2.1	Tiltalekompetansen til Riksadvokaten	24
2.2	Delegering av tiltalespørsmålet i 21-årssaker	26
2.3	Tiltalekompetansen til statsadvokaten	26
2.4	Tiltalekompetansen til politiet	27
2.5	Fordelinga av tiltalekompetansen internt i politiet	27
3.	Andre kompetansereglar for påtalemakta	28
4.	Registrering i DNA-identitetsregisteret	29

I. Innleiing

Straffelova 2005 blir sett i kraft 1. oktober 2015. Dette rundskrivet gir ei oversikt over dei endringane som er rekna for å vere dei viktigaste for arbeidet i påtalemakta, og det gir enkelte direktiv om korleis ein skal innrette seg etter lova og dei tilpassingane som blir gjorde i spesiallovgevinga og straffeprosesslova.

Rundskrivet inneheld inga fullstendig opprekning av endringane. Ansvar for å gjere seg kjent med det nye regelverket ligg i første rekkje på den enkelte påtalejuristen. I politidistrikta har Politidirektoratet peika ut såkalla «superbrukarar» som skal fungere som ressurspersonar for faglege spørsmål om den nye lova. Ei samanfatting av dei mest sentrale endringane finn ein hos Magnus Matningsdal, *Nytt i ny straffelov* (2015). Boka inneheld ein lovspegel. Sjå også Tor-Geir Myhrer, «Ny straffelov», *Jussens venner* 2008, s. 95–136 for ei oversikt over den alminnelege delen i straffelova 2005. Riksadvokaten viser elles til Magnus Matningsdal, *Straffeloven. Alminnelige bestemmelser* (2015) og *Norsk spesiell strafferett* (2010). Også framstillinga i førstnemnde inneheld ein lovspegel.

I dette rundskrivet blir det gjort endringar og tilføyningar i desse rundskriva og retningslinjene frå Riksadvokaten:

- retningslinjer frå Riksadvokaten 17. oktober 2013 om registrering i DNA-identitetsregisteret punkt II (punkt VIII, 4)
- Riksadvokatens rundskriv nr. 4/2004 punkt II om tildeling av utvida påtalekompetanse (punkt VIII, 2.5)
- Riksadvokatens rundskriv nr. 4/2002 punkt X.1 om klager (punkt VIII, 1.1)
- Riksadvokatens rundskriv nr. 3/1999 punkt III om vilkåra for å setje i gang etterforsking (punkt VIII, 1.3)

Straffelova 2005 vil gjere det nødvendig med ei rekkje endringar i dei andre rundskriva og retningslinjene som Riksadvokaten har gitt ut, og ein vil fortløpande gjere dei påkravde ajourføringane. Ein må likevel rekne med at dette arbeidet vil måtte skje over noko tid. Utgangspunktet er at dei direktiva som er gitte om straffelova 1902, framleis gjeld. Dersom det er uklart om desse føringane skal kome til bruk også for den nye lova, kan ein kontakte riksadvokatembetet.

II. Oversikt over lovhistorikken og dei sentrale førearbeida

Arbeidet med ny straffelov vart sett i gang då Straffelovkommisjonen vart oppretta i 1980. Kommisjonen gav ut tre utgreiingar om den alminnelege delen av lova:

- NOU 1983: 57 *Straffelovgivningens under omforming*
- NOU 1992: 23 *Ny straffelov – alminnelige bestemmelser*
- NOU 2002: 4 *Ny straffelov*

I tillegg gav kommisjonen, eller underutval til han, ut tre utgreiingar om avgrensa emne som verkar inn på den alminnelege delen av straffelova:

- NOU 1984: 31 *Straffelovgivningens stedlige virkeområde*
- NOU 1989: 11 *Straffansvar for foretak*

- NOU 1990: 5 *Strafferettslige utilregnelighetsregler og særreaksjoner*

Dei to sistnemnde utgreiingane danna grunnlaget for endringar i straffelova 1902, jf. høvesvis endringslov 20. juli 1991 nr. 66 («straffansvar for foretak») og endringslov 15. juni 2001 nr. 64 («endring og ikraftsetting av strafferettslige utilregnelighetsregler og særreaksjoner»).

To sjølvstendige utval gav dessutan ut utgreiingar om avgrensa emne frå den spesielle delen av straffelova:

- NOU 1997: 23 *Seksuallovbrudd*
- NOU 2003: 18 *Rikets sikkerhet*

Utgreiinga til seksuallovbrotutvalet låg til grunn for revisjonen av sedskapskapittelet i straffelova 1902 i 2000, jf. endringslov 11. august 2000 nr. 76.

Straffelova vart vedteken ved lov 20. mai 2005 nr. 28, og den spesielle delen vart føydd til ved to seinare lovvedtak i høvesvis 2008 og 2009. I ikraftsetjingslova frå 2015 vart det også gjort nødvendige tilpassingar i anna regelverk, slik som straffeprosesslova. Om ein held enkelte mindre endringar utanfor – til dømes endringane ved lov 21. juni 2013 nr. 85 («forberedelse til terror» m.m.) – kan ein då framstille lovhistorikken slik:

LOVVEDTAK	FØREARBEID	HOVUDINNHALD
Lov 20. mai 2005 nr. 28 om straff	<ul style="list-style-type: none"> – Ot.prp. nr. 90 (2003–2004) – Innst. O. nr. 72 (2004–2005) 	<ul style="list-style-type: none"> – den alminnelege delen av straffelova
Endringslov 7. mars 2008 nr. 4	<ul style="list-style-type: none"> – Ot.prp. nr. 8 (2007–2008) – Innst. O. nr. 29 (2007–2008) 	<p><i>Den alminnelege delen:</i></p> <ul style="list-style-type: none"> – generelle prinsipp for utforming av den spesielle delen av lova – lovfesting av skjerpande og formildande omstende <p><i>Spesiell del:</i></p> <ul style="list-style-type: none"> – folkemord, krigsbrottsverk, brotsverk mot menneskeslekta – vern av sjølvstendet til riket m.m. – terror – vern av offentleg styresmakt og tilliten til henne – vern av offentleg ro, orden og tryggleik
Endringslov 19. juni 2009 nr. 74	<ul style="list-style-type: none"> – Ot.prp. nr. 22 (2008–2009) – Innst. O. nr. 73 (2008–2009) 	<ul style="list-style-type: none"> – andre straffebod i den spesielle delen
Lov 19. juni 2015 nr.	<ul style="list-style-type: none"> – Prop. 64 L (2014–2015) 	<ul style="list-style-type: none"> – retting av inkuriar i

65 om ikraftsetting av straffeloven 2005	– Innst. 331 L (2014–2015)	straffelova 2005 – tilpassing av straffeprosesslova – tilpassing av særlovgivinga
--	----------------------------	---

Nødvendige endringar i forskriftsverket er gjennomførte ved *forskrift 19. juni 2015 nr. 673 om endringar i påtaleinstruksen mv.* (tilpassingar til ny straffelov), fastsett ved kongeleg resolusjon 19. juni 2015 og sett i kraft 1. oktober s.å.

III. Bruksområdet for straffelova i tid

1. Innleiing

Det er ikkje gitt eigne overgangsreglar for straffelova 2005. Bruksområdet for henne følgjer derfor av § 3 i lova, som langt på veg svarar til straffelova 1902 § 3.

Hovudregelen er framleis at ein skal bruke lova om *gjerningstidspunktet*. Etter straffelova 2005 § 3 første ledd andre punktum skal likevel lova om *avgjerdstidspunktet* brukast dersom straffelovgivinga har vore endra i tida etter gjerningstidspunktet, og dersom den nye lova er gunstigare for gjerningspersonen og lovendinga kjem av eit endra syn på kva handlingar som bør straffast, eller på bruken av strafferettslege reaksjonar. Det generelle innhaldet i straffelova 2005 § 3 blir gått gjennom nedanfor, i punkt 2 til 5. Punkt 6 tek for seg kva det får å seie at det ligg føre eit brotsverk som held fram på tvers av lovskiljet.

2. Uttrykket «straffelovgivingen»

«Straffelovgivingen» omfattar i utgangspunktet det same som uttrykket «strafferettslege bestemmelser» i straffelova 1902 § 3 – det vil seie føresegner om alle dei fire straffleggingsvilkåra, føresegner om vilkåra for å bruke straff og strafferettslege reaksjonar, og føresegner om den nærare reaksjonsfastsetjinga.

Når det gjeld straffleggingsvilkår nr. 1 – brot på ei straffsanksjonert handlingsnorm – bør ein særleg vere merksam på at uttrykket «straffelovgivingen» også omfattar handlingsnormer i spesiallovgivinga som er plasserte i andre føresegner enn den som inneheld straffetrusselen – anten andre stader i lova eller i forskrift. Dette fører til ei utviding sett i forhold til straffelova 1902.¹ Også reglar om påtalen og forelding er omfatta av straffelova 2005 § 3, men her stiller lova opp særreglar i tredje og fjerde ledd.

Det er berre endringar i *lovgivinga* som er vesentlege; domstolsskapt rett er såleis ikkje omfatta. Utanfor uttrykket «straffelovgivingen» fell også endringar i lovføresegner som handlar om straffeprosessen og straffegjennomføringa (t.d. vilkår for prøvelauslating) og sivilrettslege krav (t.d. utmåling av erstatning). Endringar i strafferamma vil likevel kunne få konsekvensar for tilgangen til å bruke straffeprosessuelle tvangsmiddel. Endringa skjer her direkte i straffelovgivinga, og ho fører til eit gunstigare resultat for gjerningspersonen. Ei slik endring skal derfor få tilbakeverkande kraft, sjå nedanfor under punkt III, 3.

¹ Ot.prp. nr. 90 (2003–2004), side 398.

3. Tilbakeverknad må vere til gunst

Vurderinga av om lovendinga fører til eit «gunstigere resultat» for gjerningspersonen, må skje konkret i den enkelte saka. Ein kan såleis ikkje nøye seg med ei generell vurdering av endringane. Valet står mellom å anten bruke straffelova 1902 eller straffelova 2005 fullt ut (med mindre det ligg føre eit brotsverk som held fram, jf. nedanfor i punkt 6 om særregelen i andre ledd). Spørsmålet ein må ta stilling til, er dermed om det er det eldre eller nyare regelsettet som *samla sett* gir det gunstigaste utfallet i den enkelte saka. Dersom det er uklart kva for lov som gir det gunstigaste resultatet, skal ein bruke lova om handlingstidspunktet.

Vurderinga er enkel dersom den nye lova ikkje lenger set straff for den aktuelle handlinga. Då den nye lova vart sett i kraft, vart for eksempel straffeboda om aktlaus lekamsskading (straffelova 1902 § 237) og ærekrenkingar (straffelova 1902 §§ 246 og 247) ikkje førte vidare. Dersom lova har skjerpa vilkåra for å bruke eit straffebod, må ein vurdere om det fører til at handlinga ikkje kan straffast etter den nye lova. I så fall fører straffelova 2005 § 3 til at handlinga ikkje kan straffast. Eit praktisk viktig døme er omsorgsunndraging (straffelova 1902 § 216), der det etter § 261 i den nye lova er føydd til eit krav om at unndraginga må ha vore «alvorlig eller gjentatt» (så lenge ho ikkje har skjedd frå barnevernsomsorg).

Ein må også vurdere justeringar i den generelle delen. Særleg kan ein nemne utvidinga av grensa for straffridom når ein avbryt eit forsøk og ved naudrett (punkt IV, 2), innføringa av ein straffritaksgrunn ved overskriding av naudrett og lovleg sjølvtekt (punkt IV, 4), oppstillinga av eit skuldkrav for verdien av ein gjenstand eller ein skade som er valda (punkt IV, 5.2), og lempinga av aktsemdsnorma ved rettsmistak (punkt IV, 5.6).

Reglane om val av straffereaksjon og utmåling av straff er som nemnt også omfatta av straffelova 2005 § 3. Ein må likevel også her gjere ei konkret vurdering av om endringane fører til eit gunstigare resultat for gjerningspersonen.

I ei rekkje straffebod er strafferamma senka utan at førearbeida kommenterer kva straffenivå som skal gjelde etter straffelova 2005. Ved lovrevisjonen tok ein sikte på å bringe strafferammene nærare den faktiske utmålingspraksisen og gjere lova meir oversiktleg gjennom å redusere talet på strafferammer (sjå punkt V, 5).² Dette førte til at strafferamma i ei rekkje føresegner vart endra, utan at ein kan ta dette til inntekt for at straffenivået for normalbrota skulle bli reduserte samanlikna med praksis etter straffelova 1902. Ein kan derfor ikkje slutte seg frå at eit straffebod i den nye lova har ei lågare strafferamme enn den tilsvarande føresegna i straffelova 1902, til at eit normalbrot skal straffast mildare om det blir subsumert under straffelova 2005.

For ei rekkje sentrale straffebod går det uttrykkeleg fram av førearbeida at senkinga av strafferamma ikkje er meint å påverke utmålingspraksis. Dette gjeld mellom anna brot på straffeboda om tjuveri (§ 321 andre ledd),³ underslag (§ 324 tredje ledd),⁴ ran (§ 327 andre ledd),⁵ utpressing (§ 330 andre ledd),⁶ heleri (§ 332 tredje ledd),⁷ kvitvasking (§ 337 fjerde

² Ot.prp. nr. 90 (2003–2004), side 130–132.

³ Ot.prp. nr. 22 (2008–2009), side 451.

⁴ Ot.prp. nr. 22 (2008–2009), side 452.

⁵ Ot.prp. nr. 22 (2008–2009), side 453.

⁶ Ot.prp. nr. 22 (2008–2009), side 453.

⁷ Ot.prp. nr. 22 (2008–2009), side 454.

ledd),⁸ brukstjuveri av motorvogn (§ 342 tredje ledd),⁹ skadeverk (§ 351),¹⁰ bedrageri (§ 371),¹¹ forsikringsbedrageri (§ 375)¹² og trugsmål (§ 263).¹³ Slik Riksadvokaten ser det, må ein likevel generelt leggje til grunn at ein skal føre vidare den tidlegare straffutmålingspraksisen, med mindre førearbeida seier noko anna. Det vil også ofte vere tilfellet i saker der strafferamma ved konkurrans og gjentakning er avgrensa av regelen i straffelova 2005 § 79 (punkt V, 3).

Dersom ein står overfor eit svært alvorleg tilfelle, slik at det kan bli aktuelt å bruke maksimalstraffa i lova på handlinga, vil det kunne stille seg annleis. Her vil det faktumet at maksimalstraffa er senka, seie at den tiltala kjem betre ut om handlinga blir subsumert under den nye lova. I eit slikt tilfelle skal ein bruke straffelova 2005.

Straffelova 2005 § 3 kan kome til bruk ved prosessuelle avgjerder som blir tekne under strafforfølginga. Dersom strafferamma for ei handling er senka etter gjerningstidspunktet, skal ein utifrå førearbeida ta utgangspunkt i den nye strafferamma når ein vurderer kva for tvangsmiddel ein kan bruke. Dette må også gjelde for tvangsmiddel med utsett informering. Det er likevel berre når ein tek prosessuelle avgjerder som «umiddelbart» påverkar den sikta at ny, gunstigare straffelovgivning skal få tilbakeverkande kraft. Endringar av strafferamma skal ifølgje førearbeida til dømes ikkje ha noko å seie for bevisføringsregelen i straffeprosesslova § 216 i første ledd bokstav b.¹⁴ Dette må ein forstå slik at straffelova 2005 § 3 kjem til bruk ved alle avgjerder om *tvangsmiddel*, men ikkje nødvendigvis skal bli lagd til grunn i andre prosessuelle samanhengar. Den nærare grensa for dette er overlata til rettspraksis.

4. Lovendringa må kome av eit endra syn på kva ein bør straffe, eller på bruken av strafferettslege reaksjonar

Reservasjonen om at endringa må kome av eit endra syn på «hvilke handlinger som bør straffes, eller på bruken av strafferettslege reaksjonar», er i første rekkje mynta på tilfelle der straffebodet er gitt med sikte på ein viss situasjon – til dømes pris-, lønns- og rasjoneringsforskrifter, og jakt- og fiskereguleringar. Når slike straffebod fell bort, kan det kome av at behovet for straffetruuselen ikkje lenger er til stades fordi *situasjonen* har endra seg – det eksisterer til dømes ikkje lenger noko rasjoneringsbehov. Ei slik lovendring skal ikkje få tilbakeverkande kraft for brot som fann stad medan behovet for straffebodet framleis var til stades. Førearbeida slår også fast at straffelova 2005 § 3 heller ikkje kjem til bruk der fartsgrensa blir heva etter at eit fartslovbrot har funne stad.¹⁵

5. På kva stadium av straffesaka kan ny lovgiving få tilbakeverkande kraft?

Ny, gunstigare lovgiving skal få tilbakeverkande kraft heilt fram til saka er rettskraftig avgjort. Ei gjenopna straffesak skal derimot handsamast etter den same lovgivinga som den opphavlege avgjerda, jf. straffelova 2005 § 3 siste ledd.

⁸ Ot.prp. nr. 22 (2008–2009), side 455.

⁹ Ot.prp. nr. 22 (2008–2009), side 456.

¹⁰ Ot.prp. nr. 22 (2008–2009), side 457.

¹¹ Ot.prp. nr. 22 (2008–2009), side 464–465.

¹² Ot.prp. nr. 22 (2008–2009), side 466.

¹³ Ot.prp. nr. 22 (2008–2009), side 423.

¹⁴ Ot.prp. nr. 90 (2003–2004), side 399.

¹⁵ Ot.prp. nr. 90 (2003–2004), side 398–399.

Dersom nokon ankar ei straffesak som vart avgjort før straffelova 2005 vart sett i kraft og ankehandsaminga finn stad etter at den nye lova har tredd i kraft, må ankeinstansen derfor bruke den nye lova dersom det er gunstigare for gjerningspersonen. Etter straffelova 1902 skulle ankeinstansen berre bruke den gunstigare straffelovgivinga dersom det var anka over bevisvurderinga under skuldspørsmålet. Denne løysinga er no forlaten – også dersom det t.d. berre er anka over sakshandsaminga eller straffutmålinga, skal ankedomstolen bruke ny og mildare lovgiving. Førearbeida føreset at kompetansen til ankeinstansen til å bruke den nye lova i eit slikt tilfelle følgjer av straffeopplevingslova § 342 andre ledd nr. 1.¹⁶

6. Brotsverk som held fram

Det er ikkje upraktisk at eit brotsverk som held fram, begynner før lova blir endra og held fram ei tid etter at ho er sett i kraft. Dersom den nyare lova er gunstigare for gjerningspersonen, skal ein bruke henne på heile forholdet i tråd med hovudregelen i straffelova 2005 § 3 andre ledd.

Dersom den nye lova er meir tyngjande, følgjer det derimot av særregelen i straffelova 2005 § 3 andre ledd at ein skal bruke lova om handlingstidspunktet på dei delane av forholdet som fell på kvar si side av tidspunktet då lova vart sett i kraft. Dette fører vidare praksis etter straffelova 1902. Der fleire lover blir brukte om same forholdet, må ein ta med begge føresegnene i taltalen og oppgi kva periode dei gjeld for. Denne framgangsmåten er kjend frå praktiseringa av den eldre lova, t.d. i overgrepssaker der brotsverket skjedde både før og etter revisjonen av sedskapskapittelet i 2000.

IV. Vilkåra for straffansvar

1. Generelt om rettstilstanden etter straffelova 2005

Vilkåra for straffansvar etter straffelova 2005 svarar i hovudsak til gjeldande rett etter straffelova 1902. Det er gjort ei rekkje terminologiske endringar som ikkje er meinte å gi nokon realitetsskilnad, t.d. ved at uttrykka «bevisstløs» og «bevisstløshet» i straffelova 1902 §§ 44 første ledd og 45 er endra til «sterk bevissthetsforstyrrelse» i straffelova 2005 § 20 første ledd bokstav d.

På ei rekkje punkt tek lova også sikte på å kodifisere praksis etter straffelova 1902. I denne kategorien fell m.a. føresegnene om naudverje mot handlingar frå offentleg styresmakt (§ 18 tredje ledd), lovleg sjølvtekt (§ 19), forsett (§ 22) og simpel aktløyse (§ 23 første ledd). Ein kan sjølv sagt ikkje sjå vekk frå at konkretiseringa av ulovfesta rett gjennom ein knapp lovtekst har ført til mindre endringar, men desse føresegnene er i hovudsak meinte som vidareføringar av rettstilstanden etter den eldre lova.

2. Justeringar av straffleggingsgrensa

Lovgivarane har gått utifrå at ein skulle gjere ei viss *justering* av grensene for det straffbare i fleire sentrale føresegner i den alminnelege delen av lova. Dette gjeld særleg

¹⁶ Ot.prp. nr. 90 (2003–2004), side 399.

- *naudrett* (§ 17): Kravet til rimeleg samsvar mellom skaderisikoen ein avverja, og skaderisikoen ved handlinga, er noko senka, jf. bokstav b. Det skal dermed noko mindre til for å oppnå straffridom pga. naudrett etter den nye lova.¹⁷
- *naudverje* (§ 18): Kravet til at naudverjehandlinga må vere forsvarleg, blir skjerpa noko, jf. bokstav c. Det skal dermed noko meir til for å vise til naudverje etter den nye lova.¹⁸ Vidare krevst det no at naudverjehandlinga er gjord med *føremål* om å avverje angrepet, jf. bokstav a. Etter straffelova 1902 § 48 var motivet bak handlinga uvesentleg så lenge ho reint faktisk avverja angrepet.¹⁹
- *avbryting av forsøk* (§ 16 andre ledd): Avbryting av eit fullenda forsøk kan skje også etter at gjerningspersonen veit at han er oppdaga. Som i dag må likevel avbrotet skje av eigen fri vilje, og i denne vurderinga vil det at gjerningspersonen visste han var oppdaga, vere eit relevant bevismoment.²⁰
- *grov aktløyse* (§ 23 andre ledd): Kravet for å konstatere at gjerningspersonen har vore grovt aktlaus, blir senka noko. Det skal dermed noko meir til for å konstatere grov aktløyse etter den nye lova.²¹
- *rettsmistak* (§ 26): Alle mistak om rettsreglar – også såkalla «situasjonsvillfarelse» – blir no regulerte av § 26. Til gjengjeld er det lempa noko meir på aktsemdsvurderinga enn i den eldre lova. Sjå nærare i punkt IV, 5.6 nedanfor.

Endringane ovanfor har det til felles at dei frå lovgivaren si side ikkje er meinte å føre til vesentlege omleggingar av rettstilstanden. Førearbeida gir likevel få konkrete døme på typetilfelle som er meinte å skulle bli dømde annleis etter den nye lova; løysinga er dermed overlata til praksis. Påtalemakta må vere merksam på justeringane ovanfor, som mellom anna fører til at praksis knytt til grensene etter straffelova 1902 ikkje nødvendigvis lenger speglar av gjeldande rett.

Dersom dei nye reglane er gunstigare for gjerningspersonen, kan det føre til at ein skal bruke straffelova 2005 på handlingar som er gjorde før lova vart sett i kraft (sjå nærare ovanfor i punkt III).

3. Medverknad

Straffelova 2005 § 15 slår fast at medverknad er straffbart, med mindre noko anna er bestemt. Dette gjeld også for spesiallovgivinga, jf. § 1. Dette vil seie ei omlegging av det strafferettslege systemet samanlikna med straffelova 1902, der medverknad berre var straffbart dersom straffebodet hadde eit tillegg om medverknad.

Ein må rekne med at den nye reguleringa gir ei relativt vesentleg utviding av bruksområdet for medverknadsansvaret, særleg i spesiallovgivinga. Eit praktisk viktig eksempel er vegtrafikklova, som no – når ein held henne saman med straffelova 2005 § 15 – rammar medverknad til aktlaus køyring (§ 3), fartslovbrot (§§ 5 og 6), promillekøyring (§ 22) og køyring utan førarkort (§ 24). Førearbeida gir ikkje føringar for kor langt medverknadsansvaret er meint å skulle strekkje seg i desse – og andre – tilfelle, og den nærare grensa må ein derfor finne fram til gjennom praksis.

¹⁷ Ot.prp. nr. 90 (2003–2004), side 204 og 418.

¹⁸ Ot.prp. nr. 90 (2003–2004), side 209 og 420–421.

¹⁹ Ot.prp. nr. 90 (2003–2004), side 420.

²⁰ Ot.prp. nr. 90 (2003–2004), side 416.

²¹ Ot.prp. nr. 90 (2003–2004), side 115 og 427.

Ei slik generell omlegging av den strafferettslege systematikken med verknad for så vel straffelova som spesiallovgivinga vil, når ein held henne saman med det vidtgåande ansvaret for medverknad i norsk rett, føre til ein risiko for utilsikta nykriminaliseringar. Påtalemakta bør vere noko tilbakehaldne når dei brukar straffelova 2005 § 15 på straffebod som tidlegare ikkje ramma medverknad, og der behovet for å straffe medverknad ikkje er omtala i førearbeida – særleg dersom det berre er spørsmål om å straffe for forsøk på medverknad. Vekklegging av slike forhold med heimel i straffeprosesslova § 62 a eller § 224 vil kunne vere aktuelt (sjå punkt VIII, 1.4).

4. Overskriding av naudrett, naudverje og lovleg sjølvtekt som straffritaksgrunn

Straffelova 2005 § 81 bokstav b stiller opp ein straffritaksregel for tilfella der gjerningspersonen har overskride grensene for naudrett, naudverje og lovleg sjølvtekt. Føresegna fastslår at ein kan frifinne vedkomande dersom «særlige grunner» talar for det. Gjerningspersonen har dermed ikkje krav på frifinning utan vilkår. I staden er spørsmålet om handlinga bør vere straffri avhengig av ei skjønsvurdering.

Når det gjeld naudrett og sjølvtekt, gir føresegna ei utviding av tilgangen til å frifinne samanlikna med den eldre lova. Overskriding av naudrett var i høve til straffelova 1902 § 56 bokstav a berre eit omstende som kunne føre til at straffa vart sett ned. Lova hadde inga regulering av kva det hadde å seie at grensene for lovleg sjølvtekt var overskridne.

Når det gjeld naudverje, fører derimot regelen til ei skjerping av vilkåra for straffridom. Regelen i straffelova 1902 § 48 fjerde ledd var ein grunn til straffridom; så sant overskridinga kom av ein «ved Angrebet fremkaldt Sindsbevægelse eller Bestyrtelse», hadde gjerningspersonen krav på frifinning. Etter den nye lova må «særlige grunner» tilseie straffridom i slike tilfelle. Lova stiller likevel ikkje lenger noko krav til kva overskridinga må kome av; handlingsgrunnane til gjerningspersonen vil i høgda vere eit moment i vurderinga av om særlege grunnar tilseier frifinning.²²

Dersom det ikkje er aktuelt med straffritak, vil det at handlinga til gjerningspersonen grensa opp mot ei lovleg utøving av naudrett, sjølvtekt eller naudverje, kunne føre til at straffa blir fastsett under minstestrafta eller til ein mildare straffart, jf. straffelova 2005 § 80 bokstav d. Slike forhold vil dessutan vere vesentlege når ein skal avgjere reaksjon innanfor den ordinære strafferamma.

Ein må gå utifrå at straffelova 2005 §§ 80 bokstav d og 81 bokstav b berre kan bli brukte der det er snakk om ei overskriding i *intensitet*. Overskriding i *tid* aktualiserer ikkje desse reglane. Ei slik tolking vil vere i tråd med korleis ein forstod bruksområdet til straffelova 1902 §§ 48 fjerde ledd og 56 bokstav a. Derimot vil straffelova 2005 § 80 bokstav e om «berettiget harme» kunne kome til bruk ved overskridingar i tid.

²² Ot.prp. nr. 90 (2003–2004), side 365.

5. Subjektiv skuld

5.1 Forsett er hovudregelen også i spesiallovgivinga

Straffelova 2005 § 21 seier: «Straffelovgivingen rammer bare forsettlige lovbrudd med mindre annet er bestemt.» Når det gjeld straffelova sjølv, fører dette vidare rettstilstanden etter straffelova 1902 § 40. Den eldre føresegna regulerte likevel ikkje skuldkravet i spesiallovgivinga (med unntak for særreguleringa av skuldkravet for ekte unnlatingsdelikt i straffelova 1902 § 40 andre ledd). Heretter vil skuldkravet også for brot på spesiallovgivinga vere forsett. Eit unntak frå hovudregelen må i tilfelle følgje uttrykkeleg av det enkelte straffebodet. Ein vesentleg del av straffeboda i spesiallovgivinga rammar også aktlause lovbrøt.

Ein bør merkje seg at lovgivarane har gått utifrå at straffelova 2005 § 21 ikkje er meint å endre skuldkravet når det gjeld straffebod i spesiallovgivinga som har vorte tolka slik at dei også rammar aktløyse. Ein finn dermed dette i førearbeida:

«Enkelte eldre bestemmelser hvor skyldkravet ikke er uttrykkelig angitt, har blitt tolket slik at også uaktsomhet rammes [...]. I den grad disse straffebudene fortsatt finnes vil det etter utkastet § 21 være 'bestemt' at forsettskravet skal fravikes. For straffebestemmelser som vedtas etter den nye straffeloven, vil derimot bestemmelsen om forsett som hovedskyldform kombinert med lovprinsippet, jf. utkastet § 14, gi grunn til å kreve at det er sagt med rene ord dersom også uaktsomhet skal rammes.»²³

Skjeringstidspunktet for når ei endring er «vedtatt etter den nye straffeloven» er truleg 20. mai 2005, då Stortinget vedtok § 21.²⁴

Lova inneheld no ein legaldefinisjon av forsett i § 22. Føresegna kodifiserer den forståinga av forsettsomgrepet som Høgsterett har utvikla i praksisen om straffelova 1902 § 40, jf. Rt. 2011, side 1269 (avsnitt 13).

5.2 Mistak om verdien av ein gjenstand eller ein skade som er valda

Straffelova 1902 § 42 fjerde ledd slo fast at mistak frå gjerningspersonen om verdien av ein gjenstand eller ein skade som er valda, berre var aktuelt dersom strafflegginga var avhengig av verdien. Dette ville seie at dersom verdien berre verka inn på subsumsjonen, t.d. for om handlinga skulle bli straffa som simpelt eller grovt tjuveri, var oppfatninga til gjerningspersonen uvesentleg for den strafferettslege vurderinga.

Regelen er ikkje ført vidare i straffelova 2005 § 25.²⁵ Det vil seie at det er korleis gjerningspersonen oppfattar verdien ein må leggje til grunn for den strafferettslege vurderinga i alle tilfelle, og ved bevisvurderinga må det ein vere merksam på det strafferettslege beviskravet. Der oppfatninga til gjerningspersonen kan verke inn på subsumsjonen eller som straffutmålingsmoment, må ein derfor sørge for at han under avhøyr blir spurd om kva tankar han gjorde seg om verdien av skaden eller gjenstanden på handlingstidspunktet.

²³ Ot.prp. nr. 90 (2003–2004), side 424.

²⁴ Matningsdal, *Straffelovkommentaren*, side 187.

²⁵ Ot.prp. nr. 90 (2003–2004), side 233, jf. NOU 1992: 23, side 125.

5.3 Skuldkravet for uforsettlege følgjer

Straffelova 2005 § 24 slår fast at ei uforsettleg følgje av ei straffbar handling kan gå inn i vurderinga av om eit lovbrøt er grovt, så sant lovbrøtaren anten tedde seg aktlaust med omsyn til følgja eller etter evne unnlét å avverje følgja etter å ha vorte merksam på at ho kunne oppstå.

Straffelova 1902 stilte i ei rekkje føresegner opp forhøgde sidestrafferammer for forsettlege lovbrøt som hadde ført til følgjer som ikkje var dekte av forsettet. Føresetnaden for å bruke dei skjerpa strafferammene var at gjerningspersonen *kunne ha innsett* moglegheita for at den forsettlege handlinga hans ville føre til ei slik følgje, eller at han hadde unnlate å avverje følgja etter å ha vorte merksam på faren for henne, jf. straffelova 1902 § 43. Lova opererte med ein svært låg terskel for å konstatere aktløyse i desse tilfella – såkalla «lita» aktløyse (culpa levissima).

Ordninga i den nye lova er at slike uforsettlege følgjer først blir vurderte dersom gjerningspersonen har utvist *simpel* aktløyse. Dei utløyser heller ikkje automatisk ei høgre strafferamme, fordi følgja går inn som eitt av fleire moment i vurderinga av kor grovt lovbrøtet er. Førearbeida går likevel utifrå at der gjerningspersonen ved aktløyse har skapt ei slik følgje, vil det «regelmessig» føre til at lovbrøtet blir rekna som grovt.²⁶ Dersom gjerningspersonen har skapt ei uforsettleg følgje som ein ikkje kan sjå at er skapt ved aktløyse, men som han kunne innsett at var mogleg, bør ein kunne vektleggje følgja som eit skjerpande moment under straffutmålinga innanfor den alminnelege strafferamma – sjølv om slike følgjer ikkje er tekne med i opplistinga i straffelova 2005 § 77.

Den eldre systematikken er ført vidare i straffelova 2005 § 328 om grovt ran. Slik det går fram av andre leddet i føresegna, blir straffa skjerpa til fengsel i inntil 21 år dersom ranet har hatt død eller vesentleg skade på kropp og helse til følgje «og lovbrøtaren har utvist uaktsomhet med hensyn til følgen eller kunne ha innsett muligheten av den». Når det gjeld desse følgjene er det nok at gjerningspersonen utviste culpa levissima.²⁷

5.4 Krav om vinningsføremål er gjennomgåande erstatta av krav om vinningsforsett

Ei rekkje straffebod som rammar lovbrøt mot formuesgode, kravde etter straffelova 1902 at gjerningspersonen handla med føremål om å skaffe seg eller andre ei urettmessig vinning. I straffelova 2005 er føremålskravet gjennomgåande erstatta med krav om forsett om urettmessig vinning, sjå til dømes §§ 321 (tjuveri), 324 (underslag), 327 (ran), 330 (utpressing) og 371 (bedrageri).

Lovendringa er meint å forenkle bevisvurderinga. I førearbeida er det framheva at endringa kan føre til ei viss utviding av straffansvaret i tre relasjonar.²⁸ For det første kan ein fingere vinningsforsett ved sjølvskulda rus, jf. straffelova 2005 § 25 tredje ledd. For det andre kan endringa verke inn på korleis ein skal vurdere aktlaust rettsmistak, sjå punkt IV, 5.6 nedanfor. For det tredje vil den som medverkar til eit vinningslovbrøt, i noko større grad kunne bli straffa. Etter straffelova 1902 § 257 måtte ein til dømes for å kunne bli straffa for medverknad til tjuveri, handle med føremål om å skaffe seg eller andre ei rettmessig vinning. Den som medverka av andre grunnar, til dømes med føremål om å plage eigaren, kunne ikkje bli straffa

²⁶ Ot.prp. nr. 90 (2003–2004), side 120.

²⁷ Ot.prp. nr. 22 (2008–2009), side 287.

²⁸ Ot.prp. nr. 22 (2008–2009), side 278–280, jf. NOU 2002: 4, side 170–173.

etter desse føresegnene. Etter straffelova 2005 vil medverkaren kunne bli straffa i eit slikt tilfelle så sant sannsynsforsettet hans eller eventuelle forsett omfatta at primærforbrytaren oppnådde ei vinning ved å tileigne seg gjenstanden.

5.5 Skuldkravet for føretaksstraff går ut

Etter straffelova 1902 § 48 a var dømning til føretaksstraff avhengig av at ein person som handla på vegner av føretaket, hadde utvist subjektiv skuld (forsett eller aktløyse), jf. Rt. 2002, side 1312 (side 1318f.). Lova modifiserte likevel det tradisjonelle skuldkravet noko, fordi også anonyme og kumulative feil var straffbare. Det var ikkje påkravd at føretaksleiinga hadde vist skuld, jf. Rt. 2007, side 1684 (avsnitt 37).

Førearbeida til straffelova 2005 § 27 om føretaksstraff slår fast at dømning til denne reaksjonen ikkje er avhengig av at nokon som har handla på vegner av føretaket, har utvist subjektiv skuld. Ein skal likevel ikkje kunne bli dømd til føretaksstraff dersom lovbroet skriv seg frå eit hendeleg uhell eller force majeure.²⁹ Føretaksstraffa etter den nye lova er dermed fullt ut objektiv. Den utviste skulda er likevel eit moment i vurderinga av om ein bør gi føretaksstraff der vilkåra for det er oppfylte, jf. straffelova 2005 § 28 bokstav b, og det bør få stor vekt i vurderinga.

5.6 Rettsmistak

Straffelova 2005 § 26 fører i hovudsak vidare regelen om rettsmistak i straffelova 1902 § 57. Lovgivarane har likevel tenkt at det strenge kravet om aktsemd skal «dempes noe» i situasjonar der styresmaktene «ikke har gjort nok for å avverge rettsuvitenheten».³⁰ Førearbeida nemner som døme tilfelle der lova er unødige uklart utforma eller styresmaktene ikkje har gjort nok for å informere om nye reglar.

Lovgivarane har vidare lagt til grunn at straffelova § 26 også skal kome til bruk dersom gjerningspersonen har vore i ein «uegentlig rettsvillfarelse» (nokre gonger også omtala som «situasjonsvillfarelse»). Etter straffelova 1902 vart som kjent enkelte mistak om privat- eller offentlegrettslege reglar som låg bak bruken av straffebudet, og som straffebudet var avhengig av, dømde etter § 42 om faktisk mistak. Det ville i praksis seie at gjerningspersonen måtte ha utvist forsett når det gjaldt at handlinga var ulovleg for å kunne bli straffa, så sant det aktuelle straffebudet berre ramma forsettlege handlingar.

At ein no skal vurdere slike tilfelle etter føresegna om rettsmistak, vil seie at skuldkravet for mistak om prejudisielle rettsforhold heretter vil vere aktløyse i alle tilfelle. I vurderinga av aktløyse vil det likevel kunne spele inn at mistaket ikkje gjaldt den strafferettslege regelen, men snarare forståinga av andre offentleg- eller privatrettslege reglar.³¹ I spesialmerknadene til § 26 står det dermed at «[i] den grad uvitenheten knytter seg til anvendelsen av rettsregler som ligger bakenfor straffebudet, blir det mer krevende å ha oversikt og det vil lettere være unnskyldelig å trå feil».³² Førearbeida går derfor utifrå at dei ueigentlege rettsmistaka ikkje

²⁹ Ot.prp. nr. 90 (2003–2004), side 242.

³⁰ Ot.prp. nr. 90 (2003–2004), side 237 og 429.

³¹ Ot.prp. nr. 90 (2003–2004), side 237.

³² Ot.prp. nr. 90 (2003–2004), side 430.

skal dømmast særleg mykje strengare etter straffelova 2005, likevel slik at domstolane, i dei enkelte sakene, kan justere straffleggingsgrensene noko.³³

Dersom eit ueigentleg rettsmistak er å sjå som aktaust, har departementet sagt at det vil kunne vere særleg aktuelt å gi straffutmålingsfråfall etter straffelova 2005 § 61 (sjå nærare punkt V, 1 om denne reaksjonen). Også straffnedsetjingsregelen i § 80 bokstav j må kunne å vere særleg aktuell i slike tilfelle. Rettsmistaket vil dessutan vere eit relevant moment i den konkrete straffutmålinga, jf. § 78 bokstav a.

Det var sikker praksis etter straffelova 1902 at mistak om prejudisielle rettsforhold også kunne føre til at gjerningspersonen ikkje oppfylte eit særskilt skuldkrav som følgde av dei enkelte straffeboda. Det gjaldt særleg føresegnar som kravde at gjerningspersonen handla med føremål om urettmessig vinning. I Rt. 2012, side 622 står det dermed:

«Det er lang praksis for at rettsvillfarelse ved straffebud som krever vinnings hensikt – slik § 270 om forsettlig bedrageri gjør – skal bedømmes etter § 42 [...] Begrunnelsen er at den som på grunn av villfarelse om rettsregler tror at han har et krav, mangler den vinningshensikt som gjør hans forhold til bedrageri» (avsnitt 47).

I straffelova 2005 krev vinningslovbrota gjennomgåande at gjerningspersonen har utvist *forsett* med omsyn til den urettmessige vinninga. Straffelovkommissjonen la til grunn at denne endringa

«vil kunne medføre en viss nykriminalisering i tilfeller hvor gjerningspersonen har handlet i rettsvillfarelse. Etter gjeldende rett fritar også en uaktsom rettsvillfarelse for straff når straffebudet krever vinnings hensikt, jf. blant annet Rt. 1994, side 1274. Hvis kravet om hensikt erstattes med et forsettskrav, må man falle tilbake på de alminnelige reglene om virkningen av rettsvillfarelse».³⁴

Departementet har slutta seg til dette synet. Rettsmistak som gjeld spørsmålet om vinninga er rettmessig, skal derfor vurderast etter § 26. Det er berre mistak om *faktiske forhold* som heretter hindrar forsett om urettmessig vinning. Det vil seie ei nykriminalisering, ettersom det ikkje lenger blir kravd forsett når det gjeld *rettslege* forhold som verkar inn på om vinninga er rettmessig. I proposisjonen understrekar departementet at endringa ikkje er meint å få noko nemneverdig å seie i praksis på grunn av den relative aktsemdsnorma i § 26 og tilgangen til å dømme straffutmålingsfråfall ved aktaust rettsmistak etter § 61 i særlege tilfelle.³⁵

Også etter straffelova 2005 vil det i nokre tilfelle kunne følgje av ei tolking av det enkelte straffebodet at gjerningspersonen må ha utvist forsett når det gjaldt at handlinga var ulovleg. Til dømes vil ein dommar som aktaust har gitt ordre om ei ulovleg fengsling, ikkje kunne bli straffa etter straffelova 2005 § 173 bokstav c, som rammar den som «bryter sin tjenesteplikt med [...] urettmessig frihetsberøvelse som følge».³⁶

³³ Ot.prp. nr. 90 (2003–2004), side 238.

³⁴ NOU 2002: 4, side 171.

³⁵ Ot.prp. nr. 22 (2008–2009), side 279.

³⁶ Ot.prp. nr. 8 (2007–2008), side 339.

V. Reaksjonssystemet

1. Straff og strafferettslege reaksjonar

Straffelova 2005 skil mellom straff og strafferettslege reaksjonar. Skiljet er i første rekkje meint å ha eit pedagogisk føremål, slik at ein under den siste av nemningane samlar dei reaksjonane som blir gitte som følgje av eit lovbrøt, men som ikkje formelt er klassifiserte som straff.

Reaksjonane er i hovudsak dei same som etter straffelova 1902, likevel slik at hefte og mortifikasjon har gått ut – den første fordi reaksjonen ikkje har vore i bruk, og den siste fordi ærekrenkingar blir avkriminalisert når straffelova 2005 trer i kraft. Ein gjer elles merksam på at reglane om fengselsdom på vilkår etter straffelova 1902 § 52, no blir fordelt på to føresegner. Den tradisjonelle dommen på vilkår der fullbyrdinga av fengselsstraffa blir utsett i ein prøveperiode, er framleis rekna som ein straffereaksjon, jf. straffelova 2005 §§ 34 flg. (Bot på vilkår vil ein heretter berre kunne gi der den domfelte var under 18 år på gjerningstida, jf. § 53 fjerde ledd.) Å avgjere at utmålinga av straff skal vente i ein prøveperiode, er derimot skilt ut som ein eigen strafferettsleg reaksjon – straffutmålingsutsetjing, jf. straffelova 2005 § 60.

Straffelova 2005 § 61 innfører straffutmålingsfråfall som ein ny strafferettsleg reaksjon. Føresegna slår fast at domstolen, dersom «helt særlige grunner» ligg føre, kan nøye seg med å konstatere at den aktuelle handlinga var straffbar, utan at det blir gitt vidare reaksjon. Domsslutninga skal då seie at den tiltala er skuldig, men at ein fråfell utmålinga av straffa.³⁷ Reaksjonen skil seg frå straffutmålingsutsetjing ved at saka er endeleg avgjort, og at det ikkje blir sett vilkår eller prøvetid; det er i praksis tale om ein strafferettsleg fastsetjingsdom. Føresegna gir domstolane kompetanse til å gi ein reaksjon som svarar til ei påtaleunnlating utan vilkår. Føresegna kan vere aktuell både der retten har eit anna syn enn påtalemakta på om det er tenleg å gi gjerningspersonen ein meir tyngjande reaksjon, og i tilfelle der det har kome til nye omstende etter at påtalevedtaket vart gjort. Reaksjonen kan dessutan vere aktuell der den sikta i medhald av straffeprosesslova § 71 har kravd at påtalemakta skal bringe ei påtaleunnlating inn for retten.

2. Lovfesting av skjerpande og formildande omstende

Straffelova 2005 §§ 77 og 78 inneheld ei opplisting av moment ein særleg skal ta opp til vurderinga når ein fastset reaksjon innanfor dei ordinære strafferammene. Opplistinga er ikkje uttømmende, og er meint som ei lovfesting av dei sentrale momenta som var utkrystalliserte gjennom korleis domstolane praktiserte straffelova 1902.

Straffelova 2005 §§ 77 og 78 er meint å klargjere overfor borgarane kva for moment som går inn i straffutmålinga, og skal også fungere som ei sjekklister for domstolane og aktørane i straffesaka.³⁸ I motsetnad til dei omstenda som er regulerte i straffelova § 79 (jf. punkt V, 3), er momenta i §§ 77 og 78 ikkje aksessoriar som ein må spesifisere i tiltalen.

Lovgivarane tok ikkje sikte på at lovfestinga skulle endre gjeldande straffutmålingsnormer eller dei etablerte straffenivåa etter straffelova 1902.³⁹ Påtalemakta har eit særleg ansvar for å

³⁷ Ot.prp. nr. 90 (2003–2004), side 458.

³⁸ Ot.prp. nr. 8 (2007–2008), side 38–40.

³⁹ Ot.prp. nr. 8 (2007–2008), side 38.

sørgje for at føresegnene ikkje får slike verknader. Ein må også unngå at føresegnene gjer prosedyrane for straffutmåling meir vidløftige.

3. Konkurrens, gjentaking og organisert kriminell verksemd

Straffelova 2005 § 79 regulerer innverknaden av konkurrens, gjentaking og at handlinga er gjord som ledd i verksemda til ei organisert kriminell gruppe.

Slike omstende får gjennomgåande noko mindre å seie for strafferamma etter straffelova 2005. For det første skal strafferamma maksimalt bli heva med 6 år dersom det ligg føre slike forhold. Dette er ei innsnevring samanlikna med straffelova 1902 §§ 61 og 62 om høvesvis gjentaking og konkurrens, som ikkje inneheldt noka slik avgrensing. Når det gjeld organisert kriminalitet, er derimot maksimalgrensa ei forsiktig utviding, fordi straffelova 1902 § 60 a sa at ein maksimalt kunne auke strafferamma med 5 år. For det andre kan ein ikkje lenger heve strafferamma meir enn éin gong som følgje av omstende etter § 79, sjølv om fleire av dei skjerpande momenta skulle liggje føre, jf. formuleringa «en eller flere av situasjonene» i innleiinga av føresegna. Dersom det til dømes ligg føre både konkurrens og gjentaking, kan strafferamma såleis berre bli heva éin gong, og aldri med meir enn 6 år. Ei anna sak er at det vil kunne verke inn på straffutmålinga innanfor denne ramma om fleire av omstenda i straffelova § 79 bokstav a til c er til stades.

Etter straffelova 1902 § 17 kunne ein maksimalt heve strafferamma til 20 år som følgje av konkurrens, gjentaking eller organisert kriminell verksemd. Etter straffelova 2005 § 79 kan derimot den øvre strafferamma bli 21 år. (Dersom lovbrytaren var under 18 år på handlingstidspunktet, kan derimot den øvre strafferamma ikkje bli høgre enn 15 år.) I tilfella der strafferamma blir heva til 21 år på grunn av forhold som er nemnde i bokstav c i føresegna (organisert kriminell verksemd), fører dette til at Riksadvokaten er tiltalekompetent. Heving av strafferamma til 21 år pga. konkurrens og gjentaking har derimot ikkje ein slik verknad, jf. punkt VIII, 2.1 nedanfor.

4. Straffa for forsøk

Etter straffelova 1902 § 51 *skulle* forsøket straffast mildare enn det fullbyrda lovbrotet. Straffelova 2005 § 80 bokstav b slår derimot fast at straffa «kan» bli sett under minstestrafva i straffebodet eller til ein mildare straffart, og § 81 bokstav a nemner forsøk som eit formildande omstende ved straffutmålinga. Det går fram av førearbeida at forsøket normalt skal straffast mildare enn det fullbyrda lovbrotet, men at lovgivarane ønskte å halde døra på gløtt for unntakstilfelle.⁴⁰

5. Justering av strafferammene. Seksårssaker

Strafferamma er endra i ei rekkje straffebod. Dette kjem særleg av eit ønske frå lovgivarane om å gjere lova meir oversiktleg, gjennom ein reduksjon av talet på alminnelege strafferammer. Siktemålet med endringane har gjennomgåande vore å bringe strafferamma nærare det faktiske utmålingsnivået etter straffelova 1902, med eit visst slingringsmonn oppover for dei mest alvorlege sakene.

⁴⁰ Ot.prp. nr. 90 (2003–2004), side 370.

Det har som kjent stor innverknad om strafferamma er på meir enn 6 år, ettersom det utløyser ei rekkje prosessuelle særreglar. Retten kan ikkje bli sett med dommarfullmektig i slike saker (straffeprosesslova § 276 fjerde ledd), og dei skal som hovudregel bli aktorerte av ein statsadvokat (straffeprosesslova § 76 tredje ledd). Den domfelte har ankerett utan vilkår (straffeprosesslova § 321 tredje ledd), og gjeld anken bevisvurderinga under skuldspørsmålet, blir lagmannsretten sett med lagrette (straffeprosesslova § 352).

Talet på seksårssaker vil auke når straffelova 2005 trer i kraft. Ein viser særleg til at straffelova 2005 § 274 om grov kroppsskade har ei strafferamme på 10 år. Føresegna tek opp i seg mellom anna straffelova 1902 § 229 jf. § 232 og § 229 andre straffalternativ. Som følgje av at fleire høyringsinstansar peika på at det ville vere ressurskrevjande for domstolane og påtalemakta om slike forhold skulle følgje dei alminnelege prosessuelle reglane for seksårssaker, gjeld det ei rekkje særreglar for saker om straffelova 2005 § 274.⁴¹ Slike saker kan i tingretten bli handsama av dommarfullmektig (§ 276 fjerde ledd), og det er ikkje tilgang til anke utan vilkår for den domfelte (§ 321 tredje ledd andre punktum). Den generelle utvidinga av høvet til å oppnemne politiaktor i seksårssaker, vil vere særleg aktuell i saker om grov kroppsskade (punkt VIII, 3 nedanfor). Endeleg nemner vi at Stortinget 8. juni 2015 bad regjeringa om å fremje forslag om å erstatte juryordninga med stor meddomsrett.⁴²

VI. Oppbygging av straffeboda

1. Ei gjennomgåande inndeling i lite, alminneleg og grovt lovbrøt

Straffelova 1902 opererte med eit komplisert system av ulike fengselsstrafferammer, der det gjerne gjaldt ei strafferamme for grunndeliktet, og fleire skjerpa sidestrafferammer der handlinga hadde ført til ei uforsettleg følgje eller det fanst særskilte omstende.

Eit av føremåla med å revidere straffelovgivinga har vore å gjere lova meir oversiktleg. Eit ledd i dette arbeidet har vore å redusere talet på sidestrafferammer. Den gjennomgåande systematikken i straffelova 2005 er derfor å skilje mellom tre former for lovbrøt: lite, vanleg og grovt. Kvart lovbrøt har som regel éi strafferamme. Denne inndelinga er velkjend for enkelte lovbrøtstypar, t.d. det tidlegare skiljet mellom nasking, tjuveri og grovt tjuveri. I dei delane av straffelova der ein tidlegare har operert med ei rekkje skjerpa sidestrafferammer – til dømes i kapittelet om valdslovbrøt – gir den nye systematikken ein vesentleg reduksjon av talet på strafferammer. I straffelova 2005 § 232 andre ledd om grovt narkotikalovbrøt har ein likevel ført vidare ordninga med ei skjerpa sidestrafferamme der det finst særskilte omstende.

Denne omlegginga av systematikken har visse prosessuelle konsekvensar. Spørsmålet om eit lovbrøt er simpelt eller grovt, høyrer til skuldspørsmålet. Derimot høyrde det under straffespørsmålet å avgjere om det fanst «særdeles skjerpende omstendigheter» generelt. Den nye systematikken gir dermed ei gjennomgåande «forskyving» av bevisstema frå straffe- til skuldspørsmålet, og dette må ein ha i mente når ein brukar reglar som knyt rettsverknader til skiljet – til dømes ved avgjerda av kva ein skal gjere til ankegrunn. Etter omstenda vil denne omlegginga også kunne verke inn på lengda av foreldingsfristen.⁴³

⁴¹ Prop. 64 L (2014–2015), side 91.

⁴² Grunnlagsdokumenta er Dokument 8: 43 S (2014–2015) og Innst. 330 S (2014–2015).

⁴³ Sjå nærare Prop. 64 L (2014–2015), side 44–46.

2. Skiljet mellom brotsverk og misferd blir ikkje ført vidare

Skiljet mellom dei alminnelege og grove lovbrota på den eine sida og dei mindre alvorlege på den andre var tidlegare knytt til skiljet mellom brotsverk og misferder. Denne inndelinga er ikkje ført vidare. Det gir i første rekkje ei forenkling av systematikken i lova, fordi alle straffeboda som tek opp same typen lovbrøt, no er samla på éin stad i lova.

Bortfallet av skiljet mellom brotsverk og misferder gjorde det også nødvendig med endringar i dei strafferettslege og straffeprosessuelle føresegnene som knytte rettsverknader til inndelinga. Bruksområdet for forsøksføresegna er derfor no avgrensa til om gjerningspersonen har forsøkt å bryte ei føresegn som har ei strafferamme på 1 år eller meir, jf. straffelova 2005 § 16 første ledd. Ei liknande endring er gjort i straffeprosesslova § 67 om påtalekompetansen til politiet, sjå nærare punkt VIII, 2.4 og 2.5.

VII. Konkurrensspørsmål

Ei rekkje føresegner i den spesielle delen i straffelova 2005 har ei anna utforming enn dei tilsvarande føresegnene i straffelova 1902. Desse endringane kan gi opphav til nye konkurrensspørsmål eller føre til at ein ikkje kan leggje til grunn tidlegare grenser mellom eitt og fleire straffbare forhold etter den nye lova. Vidare vil vi nemne nokre få praktiske døme på nye problemstillingar som oppstår som følge av overgangen til straffelova 2005.

Det følgjer av førearbeida til straffelova 2005 at § 299 om valdtekt av barn under 14 år – som langt på veg svarar til straffelova 1902 § 195 – ikkje skal nyttast i konkurrans med den ordinære valdtektsføresegna i § 291.⁴⁴ Straffebod som rammar tvang (§ 251), trugsmål (§ 263) eller vald (§ 271) kan då truleg heller ikkje nyttast i konkurrans med denne føresegna. Grove brot på desse straffeboda vil som regel føre til at også brot på § 299 må sjåast på som grove, jf. § 301. Føresegnene om grov tvang osv. kan då neppe nyttast i konkurrans. På same måten må ein vurdere spørsmålet om straffelova 2005 § 273 om kroppsskade kan nyttast i konkurrans med § 299. Dersom skaden er med på å gjere valdtekta grov etter straffelova 2005 § 301 bokstav b og e, skal ein ikkje nytte § 273 i konkurrans. Dersom valdtekta ikkje er å sjå som grov, må ein derimot kunne nytte § 273 ved sida av § 299. Straffeboda som rammar incest – jf. straffelova 2005 §§ 312 til 314 – vil framleis kunne bli nytta i konkurrans med § 299 i alle tilfelle, ettersom desse i hovudsak vernar offentlege interesser.

Dersom gjerningspersonen har valdteke ein person mellom 14 og 16 år, skal derimot straffelova 2005 § 291 bli nytta ved sida av § 302 om seksuell omgang med born mellom 14 og 16 år. Det kjem av at det sistnemnde straffebodet ikkje reknar all seksuell omgang som valdtekt.

Etter straffelova 1902 kunne § 147 om innbrot ikkje brukast i konkurrans med § 258 om grovt tjuveri, ettersom ein skulle leggje vekt på innbrotet i vurderinga av kor grovt lovbrøtet var. Momentet er derimot ikkje nemnt i straffelova 2005 § 322 om grovt tjuveri. Førearbeida framhevar at ein i staden bør leggje vekt på om gjerningspersonen har teke seg inn i eit bustad- eller fritidshus, uavhengig av korleis han har gått fram for å skaffe seg tilgang, jf. bokstav b i føresegna.⁴⁵ Subsumsjonen under § 322 vil derfor ikkje lenger markere at gjerningspersonen skadde ein gjenstand som verna mot tilgang, og straffelova 2005 § 251 om skadeverk bør då nyttast i konkurrans. Alternativet om bruk av dirk eller falsk nøkkel i

⁴⁴ Ot.prp. nr. 22 (2008–2009), side 243, side 438 og side 442.

⁴⁵ Ot.prp. nr. 22 (2008–2009), side 282.

straffelova 1902 § 147 første ledd er ikkje ført vidare som eit eige straffebod, men vil kunne bli ramma av straffelova 2005 § 268 om urettmessig tilgang eller opphald. Brot på dette straffebodet blir konsumert av føresegna om grovt tjuveri, ettersom ein som nemnt skal leggje vekt på dette omstendet i vurderinga av kor grovt brotsverket er.

Ved tjuveri frå andre bygningar eller stader enn bustader og fritidshus, til dømes butikklokale eller motorvogner, kan derimot det omstendet at gjerningspersonen måtte bryte seg inn for å kunne gjennomføre tjuveriet, tale for at det er tale om eit grovt lovbrøt. Departementet understrekar likevel at innverknaden av dette omstendet heretter må «vurderes mer inngående og konkret i hvert enkelt tilfelle».⁴⁶ Dersom innbrøtet i eit slikt tilfelle er blant momenta som fører til at tjuveriet er grovt, skal ein ikkje nytte § 251 i konkurrans med § 322.

VIII. Endringar i straffeprosesslovgivinga

1. Ny regel om påtalen – straffeprosesslova § 62 a

1.1 Generelt

Hovudregelen etter straffelova 1902 § 77 var som kjent at påtalen var fullt ut offentleg. I nokre tilfelle stilte lova opp særlege krav for at det offentlege skulle kunne påtale ei straffbar handling. Det var fire grupper straffebod som inneheldt slike vilkår:

- straffebod som kravde at påtalemakta måtte meine at *allmenne omsyn* tilsa påtale, jf. t.d. straffelova 1902 § 145 siste ledd (brevbrot)
- straffebod som kravde at det fanst allmenne omsyn eller *påtalekrav frå den fornærma*, jf. t.d. straffelova 1902 § 391 a jf. § 408 første og andre ledd (nasking)
- straffebod som stilte opp privat påtalekrav og allmenne omsyn som kumulative vilkår for å setje i gang strafforfølgjing, sjå t.d. straffelova 1902 § 390 fjerde ledd (krenking av fred i privatlivet)
- føresegner som kravde at det låg føre *påtalekrav frå offentleg styresmakt* (eventuelt som alternativ til at det fanst allmenne omsyn), sjå t.d. *lov 2. juli 1999 nr. 64 om helsepersonell mv.* § 67 andre ledd

Når straffelova 2005 trer i kraft, vil føresegner av dei tre førstnemnde typene bli erstatta av regelen i straffeprosesslova § 62 a. Føresegnene om påtalekrav frå offentleg styresmakt vil derimot bli førte vidare som i dag, jf. atterhaldet i § 62 a første ledd for tilfella der «annet er bestemt ved lov». Forutan føresegna i helsepersonellova ovanfor kan ein vise til *lov 5. mars 2004 nr. 12 om konkurranse mellom foretak og kontroll med foretakssammenslutninger* (konkurranselova) § 33 og *lov 13. mars 1981 nr. 6 om vern mot forurensninger og om avfall* (forureiningslova) §§ 78 og 79. Føresegnene i prosesslovgivinga om handteringa av saker der det er nødvendig med kravsmål for offentleg styresmakt, blir også førte vidare, jf. straffeprosesslova §§ 72 andre ledd, 81 a og 229 og påtaleinstruksen § 7-3.

Straffeprosesslova § 62 a første ledd slår fast at påtalemakta «skal påtale straffbare handlinger når ikke annet er bestemt ved lov». Etter andre ledd kan ein unnlate påtale for brot på straffebod med ei strafferamme på 2 år eller lågare, så sant «allmenne hensyn» ikkje tilseier påtale. Dersom forfølgjinga blir avslutta med heimel i denne føresegna, vil det seie at forholdet

⁴⁶ Ot.prp. nr. 22 (2008–2009), side 282.

blir *lagt vekk*, utan at den mistenkte blir møtt med nokon reaksjon. I motsetning til det ordlyden kan gi inntrykk av, regulerer føresegna altså ikkje påtaleunntalingar (sjå nærare VIII, 1.3). Dersom det blir gjort positivt påtalevedtak, kan ikkje domstolen overprøve vurderinga frå påtalemakta av om det ligg føre allmenne omsyn.⁴⁷

Når eit forhold blir lagt vekk med heimel i § 62 a andre ledd, skal ein nytte dei nye avgjerdskodane i STRASAK om at allmenne omsyn ikkje tilseier påtale (kode 029 eller 062). Påtalemakta har inga alminneleg grunngivingsplikt når ho gjer påtalevedtak, og det er derfor ikkje påkravd å gi noka nærare utgreiing om kvifor straffeprosesslova § 62 a andre ledd er brukt. Dersom det blir klaga på vekklegginga, bør likevel klageorganet grunngi vedtaket i tråd med vanleg praksis.⁴⁸

Kravet i straffeprosesslova § 252 andre ledd og påtaleinstruksen § 22-1 andre ledd om at det skal gå fram av tiltalen dersom påtalen ikkje er fullt ut offentleg, er ikkje oppheva. Dette er truleg ein inkurie. Slik straffeprosesslova § 62 a andre ledd er utforma, er det avgjerda om å *legge vekk* saka fordi det *ikkje* ligg føre allmenne omsyn, som krev ei særskild vurdering. Hovudregelen – som går fram av første ledd i føresegna – er at ein *skal* påtale straffbare handlingar, også der straffebodet har ei strafferamme på mindre enn 2 års fengsel. Det er med andre ord ein presumsjon for at det ligg føre allmenne omsyn,⁴⁹ og det er då vanskeleg å sjå at opplysninga i tiltalen om at allmenne omsyn er vurdert, tener noko informasjonsføremål overfor retten eller den tiltala.

For at ein ikkje skal kunne reise spørsmål ved om det er gjort sakshandsamingsfeil, skal det likevel gå fram av tiltalen i alle saker der strafferamma er under 2 år at forholdet til «allmenne hensyn» er vurdert, fram til lovgivarane eventuelt endrar regelverket. Riksadvokaten har retta ein førespurnad til Justis- og beredskapsdepartementet og bede om at dei ovannemnde krava til tiltalen blir tekne ut av lova.

Når straffeprosesslova § 62 a blir sett i kraft, blir det nødvendig med ei endring i Riksadvokatens rundskriv nr. 4/2002 om klager. Den sikta har ikkje høve til å klage på positive påtalevedtak, jf. straffeprosesslova § 59 a andre ledd siste punktum. I det ovannemnde rundskrivet punkt X,1 vart det likevel bestemt at den sikta (og andre med rettsleg klageinteresse) likevel skulle kunne klage dersom påtale var avhengig av at det låg føre «allmenne hensyn», ettersom domstolen ikkje kan overprøve vurderinga frå påtalemakta av om dette kriteriet er oppfylt. Når straffeprosesslova § 62 a treir i kraft, vil *alle* positive påtalevedtak som gjeld straffebod med ei strafferamme på inntil 2 år, byggje på ein føresetnad om at allmenne omsyn tilseier påtale. Det ville ikkje gi god ressursutnytting om ein kunne klage alle slike vedtak inn til overordna påtalemakt. Riksadvokaten avgjer derfor at den klageretten over positive påtalevedtak som vart stilt opp i rundskrivet ovanfor, ikkje skal gjelde for handlingar som er omfatta av straffelova 2005. (Dersom forholdet blir lagt vekk fordi allmenne omsyn ikkje tilseier påtale, kan vekklegginga bli klaga inn på vanleg måte.)

Straffeprosesslova § 62 a reiser tre hovudspørsmål. For det første kan ein spørje om føresegna pålegg påtalemakta *ei meir vidtgåande plikt* til å etterforske og påtale straffbare forhold enn det som var tilfellet etter straffelova 1902, og dermed avgrensar kompetansen til vekklegging

⁴⁷ Ot.prp. nr. 90 (2003–2004), side 63–64.

⁴⁸ Ot.prp. nr. 90 (2003–2004), side 63 og 487.

⁴⁹ Sjå nærare i Ot.prp. nr. 90 (2003–2004), side 63 om skilnaden frå forslaget frå Straffelovkommisjonen i NOU 2002: 4, side 185–186.

(punkt VIII, 1.2). For det andre kan ein spørje i kva tilfelle ein skal avgjere saka med heimel i straffeprosesslova § 62 a andre ledd, og når ein skal nytte andre avgjerdsgrunnlag, til dømes vekklegging fordi det ikkje er rimeleg grunn til å setje i verk etterforsking (punkt VIII, 1.3). For det tredje korleis ein nærare skal forstå kriteriet «allmenne hensyn» i § 62 a andre ledd (punkt VIII, 1.4).

1.2 Etterforsnings- og påtaleplikta

Straffeprosesslova § 62 a første ledd slår fast at «[d]en offentlige påtalemyndighet skal påtale straffbare handlinger når ikke annet er bestemt ved lov». Formuleringa kunne isolert sett tilseie at det var krav om klar lovheimel for å leggje vekk straffesaka. Ifølgje førearbeida er likevel denne delen av føresegna berre meint som ei vidareføring av straffelova 1902 § 77.⁵⁰ Rekkjevidda av etterforsnings- og påtaleplikta etter første ledd må derfor forståast med utgangspunkt i teori og praksis etter den eldre lova, og den rådande oppfatninga var som kjent at desse pliktene ikkje var absolutte. Ein kan då ikkje leggje til grunn at lovgivarane har teke sikte på å *avgrense* den vekkleggingskompetansen som påtalemakta har ved gjeldande praksis, og som avgjerdskodane i STRASAK føreset. Dette gjeld med unntak av vekklegging fordi den fornærma ikkje har kravd påtale (kode 011) eller har trekt eit krav tilbake (kode 072), ettersom krav frå den fornærma som nemnt ikkje lenger er eit vilkår for strafforfølgging etter noko straffebod. Derimot vil synet til den fornærma kunne føre til at allmenne omsyn ikkje krev påtale (jf. nedanfor i punkt VIII, 1.4).

Ein minner likevel om at ei plikt til effektiv etterforsking og strafforfølgging av visse typar lovbrøt kan følgje av dei forpliktingane Noreg har etter EMK, jf. særleg Rt. 2013, side 588. Avgjerda er nærare omtala i brevet frå Riksadvokaten av 6. mai 2013 til statsadvokatane og politimeistrane.

1.3 Forholdet til enkelte andre avgjerdsgrunnlag

Vekklegging fordi det ikkje er rimeleg grunn til å setje i gang etterforsking. Straffeprosesslova § 224 første ledd opnar som kjent for vekklegging der det ikkje er «rimelig grunn» til å undersøkje om det ligg føre eit straffbart forhold som det offentlege kan forfølgje. Det er gitt nærare retningslinjer om praktiseringa av føresegna i Riksadvokatens rundskriv nr. 3/1999 punkt III, der det er framheva at dei sentrale elementa i vurderinga etter § 224 er *sannsynet* for at det har skjedd eit straffbart forhold, *samsvaret* mellom kor alvorleg forholdet er, og den nødvendige etterforskningsinnsatsen, og at etterforskinga er *sakleg grunnleggjande*. Som kjent er det høve til å gjere enkle undersøkingar med sikte på å avklare om det er grunn til å setje i gang etterforsking, jf. punkt II,4 i rundskrivet ovanfor.

Det er ikkje gitt nokon klar instruks for forholdet mellom vekklegging med heimel i høvesvis §§ 62 a og 224 i førearbeida.⁵¹ Ettersom straffeprosesslova § 224 opnar for ei brei skjønsvurdering av om ein bør leggje vekk saka før det er sett i gang etterforsking, er det ikkje nødvendig å bruke straffeprosesslova § 62 a andre ledd på dette stadiet av saka. Riksadvokaten har derfor bestemt at ein før det er sett i verk etterforsking, ikkje skal leggje vekk saka på grunn av at det ikkje ligg føre allmenne omsyn, jf. straffeprosesslova § 62 a andre ledd. Ein skal i staden leggje vekk forholdet fordi det ikkje er rimeleg grunn til å setje i verk etterforsking, jf. straffeprosesslova § 224 (kode 022 eller 106). I nokre saker vil det

⁵⁰ Ot.prp. nr. 90 (2003–2004), side 486.

⁵¹ Ot.prp. nr. 90 (2003–2004), side 487.

allereie når forholdet blir politimeldt eller oppdaga, vere klart at allmenne omsyn ikkje vil tilseie påtale. Også i eit slikt tilfelle skal ein leggje vekk saka fordi det ikkje er rimeleg grunn til å setje i gang etterforsking.

Vekklegging av kapasitetsgrunnar. Påtalemakta har ein viss tilgang til å leggje vekk ei sak på grunn av manglande sakshandsamingskapasitet. Straffelovkommisjonen gjekk inn for å lovfeste denne kompetansen.⁵² Departementet følgde ikkje opp dette forslaget, utan at denne avgjerda vart nærare grunnsett. Ein kan ikkje av dette slutte at lovgivarane meinte å gjere endringar i den kompetansen påtalemakta har til å leggje vekk saker på dette grunnlaget. Dersom eit forhold blir lagt vekk med slik grunngeving, skal ein bruke dei spesifikke avgjerdskodane for manglande sakshandsamingskapasitet (kode 025 eller 078), ikkje avgjerdskodane om at allmenne omsyn ikkje tilseier påtale. Riksadvokaten tek sikte på å gi ut eit eige rundskriv med generelle direktiv for vekklegging av saker av kapasitetsgrunnar, jf. Brevet frå Riksadvokaten av 14. april 2015 til statsadvokatane.

Påtaleunnlating. Dersom den mistenkte får påtaleunnlating i medhald av straffeprosesslova § 69 eller § 70, vil det som kjent seie at det er konstatert straffskuld.⁵³ Påtaleunnlating er derfor rekna som ein strafferettsleg reaksjon, jf. straffelova 2005 § 30 bokstav f. Straffeprosesslova § 62 a andre ledd opnar derimot for at saka blir *lagt vekk* utan at det blir konstatert straffansvar, og utan at den mistenkte får nokon reaksjon.

Før skuldspørsmålet er avklart, kan ein ikkje gi påtaleunnlating. Derimot vil det etter omstenda kunne vere grunnlag for å leggje vekk saka i medhald av straffeprosesslova § 62 a andre ledd. Dersom det tidleg i etterforskinga synest klart at den forventade reaksjonen eventuelt vil bli ei påtaleunnlating, vil det vere eit relevant moment i vurderinga av om det ligg føre allmenne omsyn.

Når skuldspørsmålet er avklart, kan det derimot oppstå spørsmål om ein bør avgjere saka med påtaleunnlating eller leggje henne vekk fordi allmenne omsyn ikkje tilseier påtale. Det klare utgangspunktet etter straffeprosesslova § 62 a første ledd er at ein skal reagere med ein strafferettsleg reaksjon der gjerningspersonen er identifisert og det er på det reine at vilkåra for å straffe er oppfylte. Det er likevel ikkje uaktuelt å leggje saka vekk etter § 62 a i særlege tilfelle, så sant momenta i andre ledd er særleg aktuelle. Det må gjelde både der alternativet er å gi påtaleunnlating fordi det ligg føre «særlege grunner», jf. straffeprosesslova § 69, og der ein i staden ville gitt ei prosessøkonomisk påtaleunnlating etter straffeprosesslova § 70.

Dersom den sikta blir gitt påtaleunnlating, kan han etter straffeprosesslova § 71 krevje at saka blir teken inn for retten dersom han meiner at han ikkje er skuldig i den aktuelle straffbare handlinga. Ein tilsvarande tilgang til rettsleg prøving har ein ikkje rett til dersom forholdet i staden blir lagt vekk fordi allmenne omsyn ikkje tilseier påtale. Det vil derfor undergrave kravet den sikta har til rettsleg prøving etter § 71 dersom forholdet blir lagt vekk etter § 62 a andre ledd med ei skuldkonstaterande grunngeving. Vekklegging etter straffeprosesslova § 62 a skal derfor ikkje gi inntrykk av at den sikta har gjort ei straffbar handling – heller ikkje i dei tilfella der påtalemakta meiner at ein i staden kunne gitt påtaleunnlating.

⁵² NOU 1983: 57, side 111 og 114, NOU 1992: 23, side 245 og NOU 2002: 4, side 466.

⁵³ Det er gitt nærare retningslinjer for når ein kan reagere med påtaleunnlating i Riksadvokatens rundskriv nr. 6/1989.

1.4 Retningslinjer for vurderinga etter straffeprosesslova § 62 a andre ledd

Bruksområdet til straffeprosesslova § 62 a andre ledd er forhold som blir ramma av eit straffebod der strafferamma er inntil 2 års fengsel. Det er den alminnelege strafferamma i straffebodet som er avgjerande. Den generelle tilgangen til å gi bot ved sida av fengselsstraff verkar ikkje inn her. Førearbeida slår også fast at ein skal sjå bort frå auke av strafferamma på grunn av gjentaking og organisert kriminell verksemd, jf. straffelova 2005 § 79 bokstav b og c.⁵⁴ Auke på grunn av konkurrens – jf. § 79 bokstav a – er ikkje uttrykkeleg nemnt. Det er likevel vanskeleg å sjå nokon grunn til at ein skulle vurdere dette annleis enn gjentaking og organisert kriminalitet, og ein må derfor leggje til grunn at heller ikkje auke i strafferamma på grunn av konkurrens hindrar vekklegging med heimel i straffeprosesslova § 62 a andre ledd.

Hovudregelen i lova er at også straffbare handlingar som blir ramma av føresegner med inntil 2 års strafferamme, skal bli etterforska og påtala, jf. første ledd. Når ein ser dette i samanheng med at føresegna i prinsippet også gir påtalemakta høve til å påtale alle straffbare forhold uansett om den fornærma krev påtale, bør det at § 62 a andre ledd blir sett i kraft, derfor ikkje gi seg utslag i at ein legg vekk vesentleg fleire forhold enn det som var tilfellet tidlegare. Det er med andre ord tenkt at den utvidinga av tilgangen til vekklegging som føresegna gir, skal brukast varsamt. Påtalemakta skal lojalt handheve det regelverket som lovgivarane har vedteke, og ein skal såleis ikkje bruke vekkleggingskompetansen på ein slik måte at visse typar straffbare handlingar reelt sett blir avkriminaliserte.⁵⁵ Handlingar som fell inn under sakstypar som er lyfta fram i mål- og prioriteringsrundskriva frå Riksadvokaten, skal som ein klar hovudregel heller ikkje bli lagde vekk etter § 62 a andre ledd.

Ein må gå ut frå at kjerneområdet for bruk av § 62 a andre ledd er handlingar som ein også etter straffelova 1902 ville kunne ha lagt vekk fordi det ikkje låg føre allmenne omsyn. Den nærare vurderinga av om det ikkje ligg føre allmenne omsyn, må nødvendigvis skje etter skjønn og vere knytt til det konkrete saksforholdet. Straffeprosesslova § 62 a andre ledd listar også opp enkelte moment ein skal vurdere. Opplistinga er ikkje uttømmande.

Ein skal for det første vurdere *kor grovt lovbrotet er*. Den forventa reaksjonen vil som regel gi ein god indikasjon på alvorsgraden i lovbrotet. Dersom det er snakk om eit gjentake lovbrott eller eit lovbrott som har halde fram med å skje over noko tid, vil det kunne trekkje i retning av at det ligg føre allmenne omsyn. Ein bør vidare vurdere om den aktuelle åtferda ligg i kjerneområdet for det straffebodet rammar, eller om det er snakk om ei meir perifer forsøks- eller medverknadshandling. Ein minner i samband med dette særleg om det som vart sagt ovanfor i punkt IV, 3 om utvidinga av medverknadsansvaret i ny straffelov. Når ein vurderer kor grovt lovbrotet er, må ein også, i tillegg til å halde den aktuelle handlinga saman med andre brott på same straffebodet, vurdere typen av det krenkte rettsgodet – integritetskrenkingar må ein generelt sjå som meir alvorlege enn lovbrott som rammar formuesgode.

For det andre må ein vurdere om *grunngevingane for straff* tilseier strafforfølgjing av den aktuelle handlinga. Lova nemner sjølv «hensynet til den alminnelige lovlydighet» (allmennprevensjon), men ein må også vurdere om omsynet til individualprevensjon og omsynet til offentleg ro talar for å strafforfølgje handlinga.⁵⁶ Lova nemner ikkje uttrykkeleg *subsidiaritetssyn*, men slike element vil naturleg vere del av vurderinga av kor sterke dei

⁵⁴ Ot.prp. nr. 90 (2003–2004), side 487.

⁵⁵ Ot.prp. nr. 90 (2003–2004), side 487.

⁵⁶ Grunngevingane for straff går fram av Ot.prp. nr. 90 (2003–2004), side 77–81.

preventive omsyna er. Dersom lovbroten vil kunne få *andre følbare konsekvensar for gjerningspersonen* – t.d. erstatning, gebyr, tap av offentlege løyve eller liknande – vil såleis preventive omsyn i mindre grad tilseie påtale.⁵⁷ Særleg når det gjeld *unge lovbrutarar*, vil dei innleiande fasane av etterforskinga – til dømes gjennomføring av eit politiavhøyr – i seg sjølv kunne ha ein vesentleg avskrekkande verknad.

Omsynet til *sosial ro* vil i mange tilfelle tale mot å leggje vekk straffbare forhold, særleg når det gjeld kriminalitetsformer som skaper ei kjensle av urett, frykt eller aggresjon i folket. I påtalepraksis om straffelova 1902 vart det likevel akseptert at ein i særlege tilfelle la vekk saka av «hensiktsmessighetsgrunner», fordi gjerningspersonen aktivt hadde søkt å mane fram ei sensasjonalistisk rettsforfølging. I slike tilfelle vil omsynet til sosial ro kunne tale *mot* å påtale handlinga, og straffeprosesslova § 62 a andre ledd må kunne opne for å leggje vekk saka på grunnlag av dette.

Omsynet til *den fornærma eller andre som blir ramma av handling*, skal vere med i vurderinga. Etter straffeprosesslova § 236 skal den fornærma, første gongen han blir avhøyrd, derfor bli spurd om han eller ho meiner at lovbroten bør bli påtala. Kva vekt det vil ha i vurderinga at den fornærma ikkje ønskjer strafforfølging, vil vere avhengig av balansen mellom meninga til den fornærma og den offentlege interessa i å strafforfølge lovbroten av den aktuelle typen. Ein må ha i mente at ein del av grunngevinga for å oppheve kravet om påtalekrav frå den fornærma som eit vilkår for strafforfølging, var å sikre ei objektiv og konsekvent handheving av straffelovgevinga.

I nokre tilfelle går det fram av førearbeida til straffelova 2005 at det kan vere særleg aktuelt å leggje vekk broten på visse straffebod etter straffeprosesslova § 62 a fordi den private interessa i at det ikkje skjer ei forfølging, er tydeleg.⁵⁸ Avgrensinga av kva for straffebod som føresette privat påtalekrav etter straffelova 1902 – og dei unntaka som eventuelt var oppstilte – gir elles ei viss rettleiing. Som regel vil til dømes ikkje offentlege omsyn tilseie strafforfølging for tjuveri i strid med ønsket til den fornærma dersom den mistenkte høyrer til i husstanden til den fornærma, sml. straffelova 1902 § 264 andre ledd. Omvendt bør kroppskrenkingar som regel bli påtala sjølv om den fornærma ikkje ønskjer det, dersom lovbroten er gjort overfor dei nærmaste til den sikta, sml. straffelova 1902 § 228 fjerde ledd. Generelt sett bør ein også når ein praktiserer § 62 a, leggje stor vekt på meninga til den fornærma dersom strafforfølginga vil føre til ei ubehageleg eksponering for vedkomande, til dømes i saker om krenking av fred i privatlivet.⁵⁹

2. Tiltalekompetansen

2.1 Tiltalekompetansen til Riksadvokaten

Etter straffeprosesslova § 65 *første ledd nr. 1* avgjer Riksadvokaten spørsmålet om tiltale for lovbroten som kan straffast med fengsel i inntil 30 år. Dette omfattar folkemord, brotsverk mot menneskeslekta, visse krigsbrotsverk (straffelova 2005 kapittel 16) og grov terror (straffelova 2005 § 132). Påtalekompetansen til Riksadvokaten omfattar også forsøk på slike lovbroten.

⁵⁷ NOU 2002: 4, side 185.

⁵⁸ Sjø Ot.prp. nr. 22 (2008–2009), side 120 (straffelova 2005 § 237 om aktlaus smitteoverføring) og side 143 (straffelova 2005 § 261 om barne bortføring),

⁵⁹ NOU 2002: 4, side 185.

Etter *første ledd nr. 2* har Riksadvokaten også tiltalekompetansen for lovbrøt som kan straffast med fengsel i inntil 21 år. Forsøk på slike lovbrøt høyrer derimot under statsadvokaten. Presiseringa av kompetansen for forsøkshandlingar kjem av at forsøk ikkje lenger automatisk skal straffast mildare enn fullbyrda lovbrøt, jf. punkt V, 4. Straffeprosesslova § 65 nr. 2 fører dermed vidare den avgrensinga av tiltalekompetansen til Riksadvokaten som gjaldt for straffelova 1902.

Enkelte straffebod i den nye lova har ei lågare strafferamme enn etter straffelova 1902, og vil derfor heretter høyre under kompetansen til statsadvokaten, sjå straffelova 2005 § 274 andre ledd (valding av vesentleg kroppsskade) og straffelova 2005 § 333 andre ledd (grovt narkotikaheleri). Strafferamma på inntil 21 år for desse forholda i høvesvis straffelova 1902 § 231 jf. § 232 og § 317 femte ledd er ikkje førte vidare. Når det gjeld «mordbrannparagrafen» i straffelova 1902 § 148, er strafferamma på 21 år berre ført vidare for framkalling av fare for tap av menneskeliv, jf. straffelova 2005 § 355. Framkalling av fare for utstrekt materiell øydelegging skal derimot bli vurdert etter føresegna om grovt skadeverk i § 352 andre ledd, som høyrer under kompetansen til statsadvokaten. Også forsøk på brot på straffelova 2005 § 355 vil heretter høyre under kompetansen til statsadvokaten. Ettersom det har skjedd eit fullbyrda lovbrøt allereie når det er framkalla fare for tap av menneskeliv, vil likevel ikkje dette få stor praktisk verknad.

Straffelova 2005 § 79 slår fast at ein kan heve strafferamma til 21 år dersom det ligg føre konkurrens, gjentaking eller organisert kriminell verksemd, sjå punkt V, 3. Når det gjeld konkurrens og gjentaking, følgjer det av § 79 bokstav a og b at denne auken berre får konsekvens for «lovbestemmelser som har bestemt at den forhøyde lengstestraff skal tillegges rettslig virkning». Ettersom straffeprosesslova § 65 ikkje inneheld noka slik regulering, vil ein auke av strafferamma til 21 år på grunn av desse forholda ikkje føre til at Riksadvokaten må avgjere tiltalespørsmålet.

Straffelova 2005 § 79 bokstav c om organisert kriminell verksemd inneheld derimot den motsette presumsjonen – den auka strafferamma skal leggjast til grunn «når ikke annet er bestemt». Ettersom det ikkje er stilt opp noko slikt unntak i straffeprosesslova § 65, fører hevinga av strafferamma til 21 år fordi handlinga er gjord som ledd i verksemda til ei organisert kriminell gruppe, samtidig til at tiltalespørsmålet må avgjerast av Riksadvokaten. Ettersom strafferamma maksimalt kan bli heva med 6 år i høve til § 79, vil dette berre vere aktuelt for brot på straffebod med ei strafferamme på 15 år eller meir. Ein går derfor utifrå at det ikkje er snakk om eit stort tal saker.

Første ledd nr. 3 og 4 fører i hovudsak vidare den tidlegare føresegna i straffeprosesslova § 65 nr. 2 og 3 om høvesvis lovbrøt mot sjølvstendet til riket m.m. og lovbrøt i trykt skrift eller kringkastingsending.

Første ledd nr. 5 slår fast at riksadvokaten som hovudregel avgjer spørsmålet om tiltale i sak mot utlending som ikkje er busett i Noreg, i medhald av straffelova § 5 tredje og femte ledd. Føresegna svarar til straffelova 1902 § 13 første ledd, som la påtalekompetansen for slike forhold til Kongen.⁶⁰ Straffeprosesslova § 65 nr. 5 gjer unntak for strafforfølgjing i Noreg som skjer i høve til «overenskomst med fremmed stat om overføring av straffesaker». Føresegna føre vidare straffelova 1902 § 13 tredje ledd.

⁶⁰ Ot.prp. nr. 90 (2003–2004), side 487.

2.2 Delegering av tiltale spørsmålet i 21-årssaker

Straffeprosesslova § 65 andre ledd er nytt og gir Riksadvokaten heimel til å overlate avgjerda av tiltale spørsmålet i saker etter første ledd nr. 2 i føresegna til statsadvokaten, dvs. saker om lovbrøt som kan straffast med fengsel i inntil 21 år.⁶¹ Ein må gjere vedtak om delegering i kvar enkelt sak. Når Riksadvokaten har overlate avgjerda av tiltale spørsmålet til statsadvokaten, vil det også høyre under statsadvokaten å avgjere ankespørsmålet for dette forholdet.⁶²

Føremålet med delegeringsheimelen er å leggje til rette for ei rasjonell utnytting av tida og ressursane til Riksadvokaten, og han er mynta på saker som ikkje reiser rettslege eller faktiske spørsmål av ein annan karakter enn dei sakstypane som elles høyrer under kompetansen til statsadvokaten. Handsaminga av saka hos Riksadvokaten vil i slike tilfelle vere avgrensa til ei vurdering av om ho er eigna for delegering.

Det vil ikkje vere aktuelt å delegere tiltale spørsmålet i drapssaker eller saker der det kan bli spørsmål om å leggje påstand om forvaring eller særreaksjonar. Delegering vil særleg vere aktuelt i saker om grov narkotikakriminalitet, jf. straffelova § 232 andre ledd, til dømes enkle innførings- og oppbevaringssaker. Også saker etter straffelova § 301 (grov valdtekt av barn under 14 år) vil kunne vere eigna for delegering, særleg dersom handlinga er klassifisert som grov på grunn av at gjerningspersonen tidlegare er straffa, jf. første ledd andre punktum, eller at den fornærma var under 10 år og/eller det har skjedd gjentekne overgrep, jf. andre ledd bokstav c og d.

Ved den nærare vurderinga av om ei sak skal delegerast, vil ein særleg sjå på

- kor alvorleg og omfangsrikt det straffbare forholdet er
- om saka har eit oversiktleg bevisbilete
- om saka reiser prinsipielle spørsmål av strafferettsleg eller straffeprosessuell art, særleg om forståinga av Grunnlova eller dei folkerettslege forpliktingane til Noreg
- om det er stor offentleg interesse for saka, t.d. i form av medieomtale

I saker som gjeld brot på straffelova §§ 232 og 301, skal statsadvokaten, når han sender inn saka til Riksadvokaten, kort gjere greie for synet på om tiltale spørsmålet er eigna for delegering i høve til retningslinjene ovanfor.

2.3 Tiltalekompetansen til statsadvokaten

Avgrensinga av tiltalekompetansen til statsadvokaten etter straffeprosesslova § 66 vil framleis vere negativt avgrensa og dermed omfatte dei forholda som ikkje høyrer under Kongen, Riksadvokaten eller politiet.

Når den nye straffelova blir sett i kraft, vil det bli føydd til eit nytt andre punktum i påtaleinstruksen § 22-4: «I de tilfeller statsadvokaten beslutter tiltale, kan det overlates til politiet å utferdige tiltalebeslutningen.»⁶³ Føresegna gir statsadvokatane ein tilsvarande

⁶¹ Prop. 64 L (2014–2015), side 60–63.

⁶² Prop. 64 L (2014–2015), side 70.

⁶³ Førearbeida til lovendinga er Prop. 64 L (2014–2015), side 63–64, jf. Riksadvokatens publikasjon nr. 1/2010, side 40 og 83.

kompetanse som den Riksadvokaten har etter gjeldande rett, fordi ho opnar for at statsadvokaten berre treng å ta stilling til dei siktingspostane som høyrer under kompetansen til personen, og kan overlata avgjerda av dei andre forholda og utarbeidinga av tiltaledokumentet til politiet. Statsadvokaten må ta stilling til alle sider av påtalespørsmålet for dei forholda som høyrer under kompetansen til vedkomande, og han må utforme ei fullstendig skildring av gjerninga for desse forholda i påskrifta til politiet.

Som i dag skal ein sende alle saksdokumenta til statsadvokaten ved innsendinga, og ein skal leggje ved ei fullstendig sikting. Når saka blir returnert i tråd med påtaleinstruksen § 22-4 andre punktum, bør statsadvokaten vurdere om det er behov for å kommentere andre sider ved sakshandteringa, til dømes dei delane av siktinga som høyrer under kompetansen til politiet.

2.4 Tiltalekompetansen til politiet

Påtalekompetansen til politiet blir påverka av at ein opphevar skiljet mellom brotsverk og misferd, jf. punkt VI, 2. Hovudregelen om at politiet har tiltalekompetanse i sakene om misferd, går dermed ut av lova.

Utgangspunktet for avgrensinga av kompetansen til politiet vil heretter vere strafferamma i det aktuelle straffebodet. Etter straffeprosesslova § 67 andre ledd bokstav a har politiet tiltalekompetanse i saker som gjeld straffbare forhold som ikkje kan føre til straff av fengsel i meir enn 1 år, med unntak av straffelova § 313 (syskenincest) og § 367 andre ledd andre punktum (aktlaus pengefalsk). Straffebod som etter den eldre lova vart klassifiserte som misferder med ei strafferamme over 1 år, er tekne inn i den særskilde opprekninga i straffeprosesslova § 67 bokstav c (straffelova) og d (spesiallovgevinga).

Riksadvokaten gjer særskilt merksam på at straffelova ikkje har nokon subsumsjon som svarar til straffelova 1902 § 228 jf. § 232 (lekamskrenking under særskilde omstende). I tråd med den alminnelege omlegginga av reguleringsmåten i straffelova skal eventuelle uforsettlege følgjer og andre skjerpande omstende gå inn i vurderinga av om kroppskrenkinga var grov, jf. straffelova 2005 § 272. Lova har heller inga føresegn som direkte svarar til straffelova 1902 § 229 første straffalternativ jf. § 232 (lekamsskading under særskilde omstende). Dei skjerpande omstenda går inn i vurderinga av om kroppsskaden var grov, jf. straffelova 2005 § 274. Ettersom vurderinga av kor grov skaden var, etter både straffelova 2005 § 272 og § 274 omfattar handlingar med dødsfølgje, har ikkje politiet kompetanse til å ta ut tiltale for brot på desse straffeboda.

2.5 Fordelinga av tiltalekompetansen internt i politiet

a) Endringane i straffeprosesslova

Etter straffelova 1902 hadde alle påtalejuristar i politiet tiltalekompetanse i saker om misferd, medan det i utgangspunktet høyrde under politimeisteren å avgjere tiltalespørsmålet i brotsverkssaker. Med samtykke frå førstestatsadvokaten kunne politimeisteren tildele tiltalekompetanse i brotsverkssaker til tenestemenn frå påtalemakta i politiet (utvida påtalekompetanse), jf. straffeprosesslova § 67 tredje ledd andre punktum (slik lova stod før lovendringa 19. juni 2015). Dei nærare vilkåra for slik tildeling går fram av rundskriv frå Riksadvokaten nr. 4/2004 punkt II.

Etter at straffelova 2005 blir sett i kraft, har alle påtalejuristar i politiet tiltalekompetanse i saker om straffbare forhold som ikkje kan gi straff av fengsel i meir enn 1 år. Tildeling av

utvida påtalekompetanse vil vere påkravd for at politijuristane skal kunne avgjere tiltalespørsmålet for forhold som er omfatta av straffelova § 67 andre ledd bokstav b og c (slik lova står etter lovendringa i 2015), dvs. straffebod i høvesvis straffelova og spesiallovgivinga som har ei høgere strafferamme enn 1 års fengsel.⁶⁴

b) Retningslinjer for utvida påtalekompetanse – straffelova 2005

Utvida påtalekompetanse som er gitt for handlingar som er omfatta av straffelova 1902, omfatta ikkje påtalekompetanse etter straffelova 2005. Det vil seie at ein må gjere nytt vedtak om tildeling av utvida påtalekompetanse for juristar som har fått tildelt slik kompetanse etter den eldre lova. I slike tilfelle vil det vere tilstrekkeleg for å ta stilling til tildelinga at vedkomande tidlegare har fått tildelt utvida påtalekompetanse etter straffelova 1902.

For påtalejuristar som ikkje allereie har utvida påtalekompetanse, gjeld dei føringane som er gitte i Riksadvokatens rundskriv nr. 4/2004 punkt II tilsvarende for tildeling av kompetanse til å avgjere tiltalespørsmålet i saker etter straffeprosesslova § 67 andre ledd bokstav b og c.

b) Retningslinjer for utvida påtalekompetanse – straffelova 1902

Som nemnt i punkt III vil det også etter 1. oktober 2015 ein periode vere nødvendig å gjere påtalevedtak etter straffelova 1902.

Det følgjer av straffeprosesslova § 67 – slik føresegna står etter at straffelova 2005 blir sett i kraft – at alle påtalejuristane i politiet har påtalekompetanse der det aktuelle straffebodet har ei strafferamme opp til 1 års fengsel. For at det ikkje skal oppstå spørsmål om dette også gjeld for handlingar ein skal vurdere etter straffelova 1902, avgjer Riksadvokaten at politimeisteren, med samtykke frå førstestatsadvokaten, skal tildele alle påtalejuristar i politiet kompetanse til å avgjere tiltalespørsmålet i saker etter straffelova 1902 der straffebodet ikkje har ei strafferamme på meir enn 1 år, sml. straffeprosesslova § 67 andre ledd bokstav b (slik føresegna stod før lovendringa i 2015). Det gjeld ingen vilkår for slik tildeling utover at vedkomande har juridisk embetseksamen eller mastergrad i rettsvitskap og høyrer til påtalemakta i politiet.

Når det gjeld tildeling av kompetanse til å avgjere tiltalespørsmålet i brotsverkssaker etter straffelova 1902 som ville ha vorte omfatta av den tidlegare straffeprosesslova § 67 andre ledd bokstav c og d (slik lova stod før lovendringa i 2015), gjeld framleis dei vilkåra for kompetansetildeling som er stilte opp i Riksadvokatens rundskriv nr. 4/2004 punkt II.

3. Andre kompetansereglar for påtalemakta

Kompetansen til å leggje vekk saker blir ikkje endra i samband med at den nye straffelova blir sett i kraft. Hovudregelen vil som i dag vere at politiet kan avgjere å leggje vekk ei sak, så sant ingen har vore sikta i ei sak der tiltalespørsmålet høyrer under overordna påtalemakt, jf. påtaleinstruksen § 17-1. Eventuelle instruksar som statsadvokaten har gitt om praktiseringa av denne føresegna, vil framleis vere gyldige når den nye straffelova blir sett i kraft.

Ankekompetansen blir i utgangspunktet ikkje endra. Sjå likevel punkt VIII, 2.3 ovanfor om ankekompetansen i 21-årssaker, der Riksadvokaten har delegert tiltalespørsmålet til statsadvokaten.

⁶⁴ Prop. 64 L (2014–2015), side 68–69.

I føresegna om *aktorkompetansen* er det gjort ei justering av grensene for å oppnemne politiaktor i ei seksårssak, jf. straffeprosesslova § 76 tredje ledd andre punktum. Kravet om «særlige grunner» er fjerna, og lova opnar no for slik oppnemning når det er «grunn til det». Endringa er meint å opne for ein større fleksibilitet i oppnemninga av politiaktorar i slike saker enn det som var tilfellet etter den eldre lova, og ein må sjå henne i samanheng med at ein må forvente fleire seksårssaker når straffelova 2005 blir sett i kraft, sjå punkt V, 5 ovanfor. Førearbeida føreset at statsadvokaten skal gjere ei konkret vurdering i den enkelte saka av om oppnemninga er forsvarleg og føremålstenleg.⁶⁵ Ein sakstype der det særleg vil kunne vere aktuelt med slik oppnemning, er der det ligg føre brot på straffelova § 274 (grov kroppsskade).

4. Registrering i DNA-identitetsregisteret

I retningslinjer frå Riksadvokaten 17. oktober 2013 pkt. II nr. 1 b og c og nr. 5 a og b er det avgjort at brot på konkret oppgitte straffebod (etter nærare vilkår) gir grunnlag for registrering i DNA-identitetsregisteret. Når den nye straffelova blir sett i kraft, blir desse tilvisingane erstatta av tilsvarande føresegner i den nye straffelova. Tilvisinga til straffelova 1902 kapittel 19 (seksualbrottsverk) blir erstatta av tilvising til straffelova 2005 kapittel 27 (seksuallovbrot), slik at også brot på dei nye føresegnene i §§ 310 og 318 i 2005-lova er omfatta (1902-lova har ikkje tilsvarande føresegner).

Knut Erik Sæther
ass. riksadvokat

Thomas Frøberg
konst. førstestatsadvokat

⁶⁵ Prop. 64 L (2014–2015). 71.